# BOKN BYGDABLAD

NR. 4 – MAI 1999 - ÅRG. 14





Kvednabekken – s. 4



Trivst godt – s. 6



Prisar for grisar – s. 13

BOKN KOMMUNE

NORGE 2000

Bokn kommune

## Bli med på Tusenårsmarkeringa – din einaste sjanse!

**Som andre kommunar i landet vil Bokn markera at me går inn i år 2000. Korleis Bokn vil feira denne historiske hendinga kan du lesa om i Bygdabladet gjennom heile 1999, under ein fast logo frå NORGE 2000 AS.**

av Jardar Havikbotn

Det er utruleg mange "ballar i lufta" når Tusenårs-komitéen har møte, og ikkje minst kommunen sitt 150 års-jubileum neste år gjer at det tar litt tid før me kan gå ut med eit konkret program for dei ulike prosjekta. Ordet *tusen* blir ein forstavelse foran det meste. Det første boknarane kan vera med på med ordet *tusen* foran er sannsynlegvis *Tusenårsmarsjen* i desember, med *Norgesmarsjen* i september som ein forsmak, og ikkje minst *Bruamarsjen* i juni. Det er Idrettslaget som jobbar vidare med dette etter oppfordringa frå Norges Gang– og turmarsjforbund.

*Tusenårsilden* er nok eit "tusen-ord". På nyttårsaftan skal det brennast vardar på opprinnelege vardestader over heile landet, saman med eit kulturarrangement med fokus på barnas ynskje om fred. Brannvesenet og speidarane er aktuelle for gjennomføringa.

Utpå kvelden fylgjer *Tusenårsgudsteneste* før *Tusenårstoget* med korps og faklar går ned til ein felles plass ( Boknasund-bru er eit alternativ ) for eit kort program før det store fyrverkeriet. Hatteland i Vats har fraråda oss å senda opp fyrverkeriet frå Boknafjellet, m.a. vér og trykkleik ligg til grunn for dette. Men stort fyrverkeri blir det, og eit alternativ pr. i dag er Knarholmen. Fleire "tusen-stikkord" er *Tusenårsplassen* og *Tusenårssongen*. Toget går vidare til *Tusenårsplassen*, som sannsynlegvis blir kvernhusområdet, kor m.a. *Tusenårssongen* blir framført. Toget sluttar på skulen der det er ope hus m/fest og dans.

Komitéen skal jobba meir med programmet, m.a. er det eit stort hol mellom kl. 18.00 og 22.00 på nyttårsaftan. Det skal jobbast ut i frå at ingen skal vera aleina. Det blir ikkje kommunalt program i dagslys 1. nyttårsdag. 2. nyttårsdag skal vera prega av internasjonal solidaritet og felles opplevingar. Førebels har ikkje komitéen snakka om denne dagen.

### OVERSIKT, FORSLAG TIL <u>FØREBELS</u> PROGRAM FOR NYTTÅRSHELGA

| | |
|---|---|
| **31.12.99** | |
| **Kl. 17.00 – 18.00** | **Tusenårsilden ( arr. med fokus på dei minste )** |
| **Kl. 22.00 – 23.00** | **Tusenårsgudsteneste** |
| **Kl. 23.00 – 23.30** | **Tusenårstoget ( Musikkorpset i spissen- dei andre har kvar sin fakkel )** |
| **Kl. 23.30 – 24.00** | **Eige program for århundrets siste halvtime. Korpsmusikk – tale – nedtelling** |
| **01.01.00** | |
| **Kl. 00.00 – 00.30 (?)** | **Stort fyrverkeri** |
| **Kl. 00.30 – 01.15** | **Toget går til Tusenårsplassen. Nedlegging av grunnsteinen for ei ny tid. Song og musikk. Framføring av Tusenårssongen ( med forbehald om realisering av Tusenårsplass og Tusenårs song ).** |
| **Kl. 01.15 – 01.45** | **Toget til skulen** |
| **Kl. 02.00 – 05.00(?)** | **Ope hus – fest - dans** |

### KOMMUNEN SITT 150-ÅRS JUBILEUM

Komitéen har oppfordra lag og organisasjonar til å spela på lag med kommunen om Tusenårsskiftet, og Bork, Hagelaget, Idrettslaget og Musikkorpset har meldt si interesse og var også representerte på sist møte.

- Idrettslaget vil markera søndag 25.06.00 ekstra godt ( 10-års jubileum for arr. ) – kanskje med å m.a. invitera friidrettskanoner. Dette er slutten på veke 25, og kanskje blir veke 25 kommunen si jubileums veke neste år. Lørdag 18.03.00 er kommunen sin 150 års-dag, og BIL har foreslått grasbanekamp mellom FKH og Viking, kanskje på den lørdagen! Idrettslaget jobbar vidare med saken. Laget var også inne på Alvestad nærmiljøanlegg, om ein kunne få til noko der – sjølvsagt avhengig av realisering av området til våren neste år.
- BORK håpar på ferdigstilling av rideanlegget på Torland, og har planar om eit *Tusenårsritt*, kanskje med Rytterprinsessa til stades ( Kongehuset er kontakta og kommunen er blitt oppfordra til å søkja om besøk ).
- Hagelaget har planar om å planta eit *Tusenårstre* på *Tusenårsplassen*, andre plassar kan vera ved skulen, bedehuset eller sjukestova. Laget har 15- års jubileum i år og skal slå på stortromma på Hagedagen, og kanskje gjer dei også dette til neste år.
- Musikkorpset er positive til prosjektet, og vil vera imøtekomande ved dei forskjellige arrangementa.

Komitéen ser for seg tre markeringar av jubiléet: **18.03 – veke 25 – om hausten**. Møtet kom fram til at eit hesteritt i august/september på Torland kunne

vera ein del av markeringa til neste haust. Her kjem også Rytterprinsessa inn i bildet viss ikkje Kongehuset kan vera represente tidlegare på året.

✓ **Andre ting som er kome fram i samband med jubileumsåret:**
✓ Få kommunen på internett
✓ Historisk karneval
✓ Gjenskapa første formannskapsmøte
✓ Utstilling på biblioteket
✓ Dramaspel på skulen, rekonstruera desse 150 åra
✓ Jubileumshefte/Bokn Bygdablad anno 1850
✓ Historisk kalender; både gammalt og nytt
✓ Utfordra næringslivet til deltaking
✓ Finkultur, kunst og utstillingar
✓ Lokalhistorisk stiftelse, samarbeid
✓ Arvid Pettersen, kunstnar
✓ Asbjørn Kloster
✓ Revykavalkade, hausten
✓ Bokn si framtid; kommunen om x-år

**OVERSIKT, FØREBELS PLANAR FOR KOMMUNEJUBILÉET**

**År 2000**

| | |
|---|---|
| **18.03.0** | **Gjenskapa første formannskapsmøte i jubileumsarr, utstillingar, dramaspel, kommunestand m/ Jubileumshefte/Bokn Bygdablad anno 1850, m.m. "Framtidsstand" m/demonstrasjon av *Bokn kommune på internett*. Fotballkamp, FKH – Viking** |
| **Veke 25 ( 19.-25. juni )** | **Hagelaget, planting av Tusenårstre på Tusenårsplassen, ev. 1. nyttårsdag viss veret tillet det. Flytting av hagedagen frå mai til denne veka i juni? Alvestad nærmiljøanlegg, arr. BIL? 25. juni, Firebruersløpet/ bruamarsjen – friidrettskanoner, avhengig av reh. av løpebanen BORK, hesteritt på Torland ( m/rytterprinsesse ), ev. til hausten – avhengig av ferdigst. av rideanlegg** |
| **Hausten** | **Revykavalkade frå revyane "Med *Kometreiser* til *Palma Manco*", "Landfast", "Sålsen blei det" og årets revy + ev. nytt stoff Opning av Torland Rideanlegg m/rytterprinsessa – ev. om våren/ sommaren** |

**Sjølve nyttårsaftan er hendinga dei fleste forbinder med århundreskiftet, og utgangspunktet for kommunen er å arrangera noko som heile familien kan ta del i, helst på same tid. Med tanke på eit lite innbyggjartal der det lett blir at dei same folkegruppene "går igjen" ved ulike arrangement, er ikkje dette problemfritt. Eit døme er korpset. Å få alle dei med i eit tog rundt midnatt, er vel å tru på julenissen. Ordet barnevakt for dei som har småungar er eit sentralt ord den 31.12.99, men er nok temmeleg uaktuelt for dei fleste. Førebels program for nyttårshelga og kommunen sitt 150 års-jubileum neste år er sett opp av meg som forsiktige konklusjonar etter møtene i Tusenårskomiteen ( inkl. interesserte lag ). Det er ofte lettare å jobba når det er samanfatta slik. Dessutan ser ein lettare om ting går an å realisera når det er skrive. Programmet tar utgangspunkt i Kyrkjebygd, der eit tog er med og samlar folket mot eit felles mål etter ei gudsteneste ( med korpsmusikk ). Det er muleg at det rette er å gå til rett til skulen, og at det må vera ope hus og familiearrangement der lenge før midnatt. Og at Tusenårsgudstenesten er eit alternativ for dei som er interesserte. Ein slik tanke, som eg også har fått høyra av fleire folk - og særleg småbarnsfamiliar, gjer at Tusenårsplassen kjem litt på sidelinja i forhold til planane. Utgangspunktet for fyrverkerioppskytinga var Boknafjellet, og det hadde ein sett frå alle stader, også skulen. Kanskje kaien i Føresvik er eit alternativ for oppskyting dersom folket er på skulen?**

**Spørsmålsteikn og ordet *kanskje* blir mykje brukt i denne fasen av planlegginga. Utfordringa er at dei skal bort etterkvart, og det skal lagast program som er for alle. Kulturkontoret eller Tusenårskomiteen tar gjerne mot kommentarar og tips til dei ulike prosjekta. Du sit kanskje på glupe idear som kjem godt med i denne planlegginga.**

**Kvernhusprosjektet går sin gang, og iflg. avrøystinga om Tusenårsplassen ynskjer boknarane også dette området som Tusenårsplass. I neste nr. av Bygdabladet får du veta kva som blir Tusenårsplass i Bokn.**
**På neste side får du eit døme på at bekken sit i minnet til folk.**



# KVEDNABEKKEN



av Gunnar Alvestad
Foto og billedtekstar: JH

**E** g voks opp i lag med han.
Bekken som går frå Boknabergsvatnet, gjennom Kyrkjebygda til Boknasundet. No går han for det meste i røyr, så me korkje ser eller høyrer han, men ikkje så då eg var liten. Her var ingen silostank, men reint, sildrande vatn med småaure og aureyngel. Bekken vart nytta til drikkevatn og klesvask.

**H** er fiska eg min første aure. Eg minnest godt at eg hadde tredd ein makk på ein heller stor angel og heldt snøret like inntil ein stor stein i bekken. Så stakk hovudet av ein stor aure fram. Han beit, og eg var ikkje sein med å få han opp på land. Der datt han av kroken. Med det same kom bestemor med bøtter og vassele. Ho skulle henta vatn. "Du må berga auren så han ikkje sprellar ut i bekken att," sa ho. Eg så gjorde. Det var ein stolt gut som kom heim med fangsten. Men mor hadde ikkje tid å steikja auren, så han måtte gå til kattemat. Du, kor skuffa eg vart.

**B** eitet vårt rakk ikkje fram til bekken, så me hadde ein stamp ved gjerdet der kyrne fekk drikkevatn. Me borna hadde fast jobb kvar dag når kyrne var på beite, å bera vatn i stampen. Då kunne me fanga småyngel av aure i bekken og vassa der, ja det hende me bada der óg somme dagar. Gildt var det, det er sikkert.

**S** å var det kvernhusa. Det var ikkje få av dei her ved bekken. Her vart kornet male. Dei bøndene som ikkje budde altfor langt borte bruka bekken til drivkraft når dei skulle treskja.
Med hjelp av kvernkall, trislar og snorer fekk dei treskjemaskinane i gong. Første klåre minnet eg har er frå 1929. Då treskte me heime på Alvestad. Det var litt småregn og snora rauk, hugsar eg, så det vart mykje plunder med spleising.
Det er reint for gale at ikkje eit einaste kvernhus står att her. Eg snakka med Sigvald Bokneberg om kvernhusa nokre få år før han døydde. Sigvald hadde godt minne og ga meg denne rekkefølga av eigarar til kvernhusa frå vatnet og nedover:

1. Arnt og Lars Johnsen Bokneberg
2. Torgils og Lars N. Bokneberg
3. Henrik og Thomas Håland
4. Nygård ( Munkejord )
5. Jørgen Alvestad
6. Mandius Alvestad
7. Olaus Håland, Lars Håland og Nils Bokneberg
8. Treskjekall
9. Kristoffer Sæbø
10. Erik og Lars Sæbø
11. Hemdal
12. Ingeborg Larsen



**Kvernhusentusiastar på befaring 19.03.99: Fv. Ottar Håland og Østen K. Hognaland er samde i at det bør settast opp eit nytt kvernhus på denne plassen; 12 m frå øvre gard er det god kraft i bekken, og her stod huset etter bestefar til Ottar, Olaus Håland, som dreiv saman med Lars Håland og Nils Bokneberg ( jmf. lista over ). Eit hus som Julius Alvestad forvalta seinare. Han var skipselektrikar og dreiv etter eit turbinprinsipp.**
**Nede i bekken ( bildet under ) kan me m.a. sjå akslingen, rester etter tak og andre ting som var vanskeleg å sjå kva var.**



# HEI KONFIRMANTAR FRÅ 1939

Det er 60 år sidan vi " gjekk for presten".
Skal me jubilera?

Kunne me treffast ein preikesundag i kyrkja på Bokn ?
Det måtte verta i september eller oktober.
Det var 1. oktober me stod på golvet, hugsar de?

Me kunne samlast i Krogjen eller Arsvågen til mat og drøs etterpå. Hadde ikkje det vore gildt?

Fem av oss bur i Bokn, dei andre i Rogaland, ei i Hordaland og derifrå er denne idéen komen.

**Dersom dette er noko du har hug til å vera med på, så sei i frå til Asta eller Peder.**



**Kullet frå 1939: sitjande fv. Margit Vågshaug, Magnhild Vatnaland, Sigrid Jøsang, Agnes Håland, klokkar Severin Lygre, sokneprest Ragnar Værnes, Tordis Alvestad, Asta Sæbø og Ruth Dirdal.**
**Ståande fv. Edith Øvrebø, Marta Nedrebø, Peder A. Våge, Ingolf Kro, Trygve Vatnaland, Selmer Torland, Augustin Jøsang, Monrad Nygård, Lina Kro og Herborg Trahaug.**

***Bildet er frå bygdeboksamlinga, Bygdabladet beklager kvaliteten.***



# Bessedé

*Vi drømmer oss tilbake i tekst og toner*

*En liten forestilling for folk som har levd en stund*

Av repertoar nevner vi

| | |
|---|---|
| C. Porter | Night and Day |
| Trygve Bauer Nilsen | Sigøynerens Romanse |
| Henning Åse | Et minne om deg |
| Kurt Weill | September Song |
| G. Gerswin | I got Rythm |
| B. Carlton | Ja-Da |
| Norske barnesanger | Potpurri |
| M. Rodriguez | La Cumparsita |
| G. Gerswin | Love walked in |
| R. Rogers | I can't say no |
| Allsang | Tenk hvor i gamle dager |
| Henning Åse | Du vant mitt hjerte |

*Medvirkende*

*Fylkesmusikerne i Nord-Rogaland og Bjørn M. Toft, forteller fra Haugesund Teater.*

**"TORSDAGSTREFFET"**
**27. MAI KL. 11.30**

# 2000 SMÅFISK TIL BOKNABERGSVATNET

**Drøyt 2000 småfisk vil bli satt ut i Boknabergsvatnet på Vestre Bokn i sommer. De 2000 er et resultat av et prosjekt Statoil satte i verk for å styrke ørretbestanden i Boknabergsvatnet i forbindelse med Europipe II.**
**Rogn fra tre hunnfisker og melke fra en hann ble lagt til klekking hos Norsk institutt for naturforskning (NINA) tidlig i november i fjor. Nå foreligger altså resultatet i form av over 2000 nye individer.**
**- Småfisken vil ha oppnådd en størrelse på åtte-ti centimeter når den settes. Med lite fisk i vatnet fra før, skulle det dermed være gode sjanser for at mange av de små klarer seg, sier Statoils fiskeriekspert, Jostein Nordland.**
**Statoil har overfor grunneierne skissert flere tiltak for å bedre vannkvaliteten og gyteforholdene for fisken i Boknabergsvatnet.**
**- Det viktigste er å hindre tilslamming gjennom oppvirvling av bunnsedimenter og ny tilførsel av leirepartikler via bekkene. I tillegg vil vi rense og gruse bekker for å bedre gytemulighetene for fisken, sier Nordland.**

*( Saksa frå GAZette nr. 13 – 1999 )*

ELDREÅRET 1999

# "EG TRIVES MED DETTE LIVET"

Tekst og bilder: Reidar Alvestad

*Mange har sikkert sett han syklande over brua mot Føresvik. Ein høg mann i slutten av 60-åra, som ofte trossar vind og ver når han skal utføra ærend på Boknatun. Er det for gale med veret, droppar 69-åringen turen. Men det skal nokså mykje til for at det skjer.*



**Rolf Jensen med nokre av oljemaleria sine.**

Det var i 1993 at bussjåføren Rolf Jensen frå Stavanger begynte å sjå seg om etter ny bustad. I byen ville han i alle fall ikkje bu resten av livet sitt. Når han kjørte bussen såg han med mismot på "gamlebenken" kor dei eldre sat, og når han gjekk heim frå jobben, passerte han bingolokale kor dei eldre utgjorde storparten av deltakarane. Då bestemte han seg for at når han skulle gå av som bussjåfør, ville han ut av by-heksegryta, og heller ha eit meir aktivt liv i nær kontakt med naturen. Difor fekk han sonen sin med seg og jakta på hus rundt omkring i fylket.

**"DET FINS IKKJE EIT TRE PÅ BOKN"**
Til slutt kom han over salgsoppgåva for eit hus i Øvrabøvågen på Austre Bokn. Då sa sonen, som for mange år sidan hadde overnatta i telt på Bokn: "Du treng ikkje reisa for å sjå på hus på Bokn, det fins jo ikkje eit tre der".
Men Rolf Jensen lika huset og plassen i strandkanten med ein gong han kom dit. Han ville ha ein stad ved sjøen, og sjølv om huset var i litt skral tilstand då han såg på det, var det overkomeleg i pris, og han såg kva muligheter det var for å få det triveleg.

**"KUNSTNAREN"**
Rolf Jensen stiller seg litt uforståande til at Bygdabladet i det heile tatt vil intervjua han. Kva interesse hadde me av det? "Eg er jo bare ein heilt vanleg mann som har flytta frå byen".
Men Bygdabladet hadde fått nyss om at han dreiv med oljemaling. Sjølv smiler han litt av dette, og seier at dette er noko han gjer dei to mørkaste vintermånadene for å få tida til å gå, og at det er noko heilt amatørmessig som han sjølv har tatt seg til. Men han har selt nokre av dei finaste oljemaleria. Me fekk lov til å ta bilder av nokre av dei han hadde liggjande. Han smiler når me spør om han kunne tenkt seg å stilla dei ut t.d. på biblioteket ein gong seinare. I alle fall vil han då ha eit større utval. Han fortel at dei fleste motiva finn han på kalenderbilder og liknande, men også litt frå naturen. Han synes det er terapi i å mala.

**MEIR I PAKT MED NATUREN**
Rolf Jensen budde i eit vertikalt delt hus i utkanten av Stavanger. Stort sett gjekk han til og frå jobben. Alt då hadde han innsett kor viktig det var med litt fysisk aktivitet for å behalda ei god helse. Her i Bokn har han ikkje bil. Han likar betre å å ta buss eller båt dei få gongene han reiser til Stavanger eller Haugesund. Det er godt å venda nasen heimover mot Bokn når han har vore i byen. I bussen ser han mykje meir enn om han skulle kjøra eigen bil, og så er det mykje meir avslappande. Det får vera nok med 25 år som sjåfør i buss. Nå vil han bli kjørt av andre. Mange eldre synes det er ein stor fordel at dei har bil, og at det motverkar isolasjon. Men det er lenge sidan at Rolf bestemte seg for at han ikkje ville ha bil når han blei pensjonist. Han undrar seg over mange friske folk som nesten ikkje har kroppen i fysisk aktivitet, og kjører bil berre det er nokre få hundre meter dei skal avgarde.
Han har forlengst som så mange andre erfart at fysisk aktivitet gir meirsmak.

**"EG ER KANSKJE EIN EINSTØING"**
Rolf Jensen kjende ingen på Bokn før han kom hit for 5 år sidan. Nå kjenner han dei fleste rundt seg. Sjølv bryr han seg ikkje særleg om mindre eller større sosiale samankomstar.- "Eg er vel som ein slags eneboar".
Men han trives kjempegodt på plassen, og har aldri angra på at han flytte frå byen. Han likar å vera åleine, men han trivest også med å snakka med andre, og synes han har det fint. Han kjenner også andre som kan tenkja seg å gjera det same som han, og flytta frå byen når dei pensjonerer seg.
Mange masar på han for å få han med på ein tur til Syden. Men det har han ikkje lyst til. I fjor var han på ein såkalla pensjonisttur til Danmark. Men det var bare sorgen. "Nei - takkar meg til å tilbringa dagane her kor eg har det kjempefint".

## MANGE INTERESSER

Rolf kjedar seg aldri. Han seier at naturen gir han mulighet til å vera aktiv heile tida. Kvar dag legg han planar om kva han skal gjera. Er veret ikkje så bra, les han. Mest spenningsromanar og astronomi. Difor blir det ein del sykkelturar til biblioteket.
Han likar godt å fiska, både frå land og båt. Særleg om sommaren blir dette ein fin aktivitet når familie og barnebarn er på besøk.



**Ein flott stad å bu!**

## MIN PLASS I NATUREN

Dersom du vandrar ned mot den flotte Øvrabøvågen og ser deg tilbake når du går utover mot Gongstø, skjønar du godt at staden kan vera ein fin plass å bu. Rolf har fiksa på huset, bygd veranda og fiksa opp både hus og hage. Fin utsikt mot vågen og sjøen, midt i naturen. "Det er som ein oase, og så mange fine fargar i naturen".
Det er noko anna enn gamlebenken i storbyens heksegryte.

Har du nokon gong tenkt at "dei eldre" er ei einsarta, kjedeleg og grå aldersgruppe utan individualistar?
Trur du dei fleste eldre er lite spennande og har lite og gi oss som tilhøyrer andre generasjonar?
Trur du dei eldre har livserfaringar og livsvisdom som me andre bør lytta til og læra av, slik at me kan unngå å gjera mange feil om igjen?
Eldreåret 1999 ynskjer å markera at dei eldre er ein viktig del av heilskapen i samfunnet me lever i, og at dei har meir å tilføra det sosiale fellesskapet enn mange trur.

---

**I forrige bygdablad stod denne songen på trykk i samband med reportasjen om Ingrid Våge. Ho høyrde han på radioen med eit vers ho ikkje hadde lært. No viser det seg at songen står i *Norsk songbok for ungdomsskular og ungdomslag* med enno eit vers. Ved munnleg overlevering blir tekstar gjerne ettersom åra går forandra litt på, men songbok-versjonen ser i alle fall slik ut:**



## *MIN BARNEHEIM*

*tone: den nye stevtonen*

*1. Min barneheim under grøne lia,*
*der glad eg levde den første tida.*
*Du var den flekken eg mest fekk kjær*
*om ut eg vanka, du var meg nær.*

*2. Der barnegråten så lint vart stogga,*
*Og ljost eg drøymde i vesle vogga.*
*Der mor sitt kveda først song seg inn,*
*og tok med sele mitt barnesinn.*

*3. Og når det skymdest mot kveld i stova,*
*Og trøytt av leiken eg ville sova.*
*Då oppi fanget meg tok han far,*
*Og inn i eventyrland det bar.*

*4. Når våren kjem etter kalde vetter*
*og bøen grønkar og lauvet spretter*
*Då vart du venast for meg å sjå*
*min barneheim med din vårpynt på.*

*5. Og aldri såg eg på andre stader*
*så fagre fargar når sola glader.*
*Og staren song'kje så mjukt og klårt*
*som når han sat heim på mønet vårt*

*6. Og elva som ned med tunet renner*
*med sirl og sukling så vel eg kjenner.*
*Og vatnet speglar når dagen lid*
*den grøne skogen og bøen blid.*

SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

**I serien GLIMT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Denne gong kan du lesa om då ei 4000 år gammal steinøks vart funne på Sæbø.**

# BOKN ØNSKJER FLEIRE FERJEANLØP

## Ny ferjekai til 800.000 kroner under bygging i Føresvik



Det har lenge vore snakk om ny kai på Bokn. Den gamle bryggja som ein har hatt til no, er berre ei anløpsbryggje og er med tida blitt altfor lita. Betre kommunikasjonar med byane og fastlandet krev betre anløpskai, og Bokn har venta på denne i fleire år no. Så i 1963 blei første skritt teke. Ei kainemd blei oppnemd av kommunestyret og la fram forslaget sitt same året, og sidan har det gått slag i slag. Det nye kommunestyret i 1964 arbeidde ivrig vidare med saka , og i september 1965 la vegsjefen fram sitt forslag til ferjekai. Den gamle kailinja skulle bli 42,5 meter, og i tillegg skulle det byggjast ein ferjelem og ein ferjepir på 40 meter. Til saman blei det ein kailengde på 82,5 meter. Kostnaden var då rekna ut til 760.000 kroner, og kommunen skulle bera 50 pst. og fylket dei andre 50. I tillegg til dette måtte kommunen kjøpa den gamle kaien, den var då privat eigd, og det blei betalt 55.000 kr. for den. Med diverse andre utgifter måtte kommunen alt i alt skaffa til vegar 485.000 kroner for den nye kaien sin. Og nettopp no på fredag blei det vedteke i fylkestinget at kaien skulle forlengjast med 6,5 meter. Dette er kostnadsrekna til 55.000, og halvparten av dette vil då falle på kommunen.

- Det er ei stor investering for ein liten kommune dette, ordførar Ingolf Kro?

- Det skal vera sikkert. Kommunen søkte om nedsatt tilskottsprosent, og eg tok dette opp i fylkestinget og forskøte å forklara forholdet best mogeleg i håp om å få søknaden innvilga. Men det er framleis 50 pst. som kommunen er pålagd å bera. Vi får berre vona at det ennå let seg gjera å få orda med redusert tilskottsprosent til dette anlegget.

- Det må jo vera eit sterkt behov for ein slik kai, når kommunen satsar så sterkt på dette prosjektet?

- Ja, fra og med 11.mai 1966 er rutebåt-trafikken på Føresvik auka ganske radikalt. Vi har no dagrute-anløp av M/S Haugesund to gonger kvar dag, og av Tre Måker og nattruta like eins, i alt 6 anløp for dagen av desse store rutebåtane.

- Og med desse rutebåtanløpa er sambandet til fastlandet fullgodt?

- Nei, det er det langt ifrå, og når den nye ferjekaien er ferdig, vonar vi det blir endå fleire ruteanløp, særleg midt på dagen. Dei båtane vi no har, går morgon og kveld, men midt på dagen er det ikkje noko anløp. Vi reknar me å ta dette opp når den nye ferjekaien kjem.

- Korleis ligg det an for Austre Bokn?

- På Austre Bokn er det i dag fylkeskai. Men på grunn av omlegging av rutene, er dei trafikkerande selskapa ikkje villig til å anløpe både Føresvik og Austre Bokn. Dette har skapt problem for Auste Bokn. Kommunen har difor sett seg nødd til å finna fram til ei løysing, og kommunestyret har gjort vedtak om å kjøpa ein høveleg ferjebåt som skal ta opp trafikken over Boknasundet.
Formannskapet arbeider med denne saka. Vi har innhenta pristilbod på ein båt vi meiner skal høva, men saka er ikkje ferdig handsama i kommunestyret ennå. I samband med dette må kaien på Austre Bokn utbyggjast, og kommunen har søkt fylket om å få byggja ein liten ferjekai i tilslutnad til fylkeskaien der.

- Kva tid reknar ein med at dette skal kunna gjerast?

- Søknad er som sagt innsend, og vi reknar med at prosjektet blir handsama i fylkestinget i haust, og at arbeidet kan ta til over nyttår.

- Skal kai prosjektet på Austre Bokn ha same dimensjon som i Føresvik, så blir det svært tøft for kommunen?

- Nei , kommunestyret har fått planlagt eit kaiprosjekt av jernbaneskjenar, og vonar at vegsjefen vil seia seg samd i denne planen. Det blir så langt billegare enn med betongsøylekai.

- Og ferjekaien i Føresvik, kva tid kan den vera ferdig?

- Vi trur at det heile skal vera klart kring nyttårsskiftet, dersom ikkje noko uventa kjem på.

*Haugesunda Avis 4/7-67.*

## BOKN KOMMUNE
SEKSJON TEKNISK
5561 BOKN

# FERIEVIKARER

Bokn kommune v/seksjon teknisk ønsker med dette å lyse ut ledige stillinger som ferievikarer sommeren –99.
Vi ønsker følgende stillinger besatt:

- Renholder på Boknatun: 10 timer/uke fordelt på 3 dager. Tidsrom: 5/7 t.o.m. 20/8.
- Gartnerhjelp på kirkegården: 15 timer/uke. Tidsrom: 1/6 t.o.m. 15/8.
- Medhjelper i seksjon teknisk: 7.5 timers dag. Tidsrom 14/6 t.o.m. 14/7.
- Medhjelper i seksjon teknisk: 7.5 timers dag. Tidsrom 15/7 t.o.m 13/8.

For stillingene gjelder: Søkerne må være fylt 18 år. ( Dette gjelder ikke for renholder ).

Søknadsfrist: 19/5-99.
Kontaktperson: Hans Erik Lundberg tlf.:52752506

## KLEDE OG SKO TIL UKRAINA

Eli Kro skal i juni reisa til Ukraina med klede. Ho skal vera ein av sjåførane, og planen er at inntrykka frå turen seinare i år vil stå i Bygdabladet.

Det som ein håpar å få inn i Bokn er barneklede og barnesko/støvlar for barn 0 – 10 år.

Alt er av interesse, men dei må vera reine og heile. Innlevering er på skulekontoret, helst i esker eller bossekkar.
Du kan levera heilt til 1. juni.

Spørsmål: kontakt Eli Kro, 52 74 85 38





**Til lag og organisasjonar!**
**Hugs fristen for å søkja om kulturmidlar, 28. mai.**

TEKNISK INFORMERER

## BRANN I DRIFTSBYGNINGER

Det er nylig lagt fram en offentlig rapport hvor en har undersøkt branner i driftsbygninger i løpet av 1998 der dyr har vært involvert.
Undersøkelsen baserer seg på 20 branner og konkluderer med følgende:

- Skillekonstruksjoner mellom husdyrrom og
- andre rom i driftsbygningen er ytterst nødvendig for å ha en mulighet til å kunne evakuere dyr i sikkerhet. I ingen av de 20 undersøkte brannene hadde driftsbygningene skillekonstruksjoner som ville tilfredsstilt dagens krav til branncellebegrensende konstruksjoner med hensyn til brannmotstand og tetthet.
- De fleste brannårsakene er knyttet til det elektriske anlegget, og startet derfor utenfor husdyrrommet.
- De aller fleste brannene har oppstått sent på kvelden, på natta eller tidlig morgen. Et alarmanlegg ville sannsynligvis ha gitt tidlig varsling slik at manuell slokking av brannen kunne vært mulig. Ingen av de undersøkte driftsbygningene hadde montert godkjent alarmanlegg.
- Rask brannutvikling og forholdsvis lang utrykningstid tilsier at brannvesenet ikke klarer å slokke brann i driftsbygninger, men konsentrerer seg om evakuering av dyr og i å hindre brannen i å spre seg til nærliggende bygninger.
- Evakuering av dyr fra brennende driftsbygninger har vist seg å være meget vanskelig i


Foto: JH

# ERIK VANN TEIKNEKONKURRANSE

## - fekk flott sykkel i premie -

Erik Alvestad vann klassen 10 – 12 år då han var med i Umoes teiknekonkurranse. Det var ved juletider at Umoe inviterte til denne konkurransen, med sikkerhet og tryggleik på arbeidsplassen som tema. Vinnar-teikningane skal henga på Troll C-plattformen. Andre vinnarar kom frå Vormedal og Sauda. Austrheim skole stakk med sigeren for skuleklassar.

27. april fekk Erik sykkel og sykkelhjelm som takk for innsatsen. Det skjedde på Umoe ( gamle HMV ) i Haugesund. Prosjektleiar Petter Stigset sa til dei glade vinnarane at alle burde tenka sikkerhet, også heime.

Umoe Olje og Gass AS fekk inn over 300 teikningar frå barn og skuleklassar i denne konkurransen. Erik var stornøgd med premien, som no trillar på vegane i Bokn.

*( Kilder: "Troll C-loggen" og Haugesunds Avis )*





# ÅRSMØTE I BOKN KRISTELIG FOLKEPARTI

**av Ingrid Blikshavn**

Ordførar i Tysvær, Borghild Yrkje, var talar då Bokn Kr. F hadde årsmøte på Boknatun den 24. februar. Ho kom m.a. inn på samarbeidet mellom kommuna Tysvær og Bokn.

I samband med utbygginga på Kårstø er det oppretta ein unik skatteavtale der ein deler eigedomskatten etter folketalet.

Kommunane har felles presteteneste, lensmann, landbrukskontor, helsetenester, m.m. Tysvær har fått ny idretts– og symjehall som er open for alle. Tysvær og Bokn er også saman i andre utval som t.d. Haugaland næringsutvikling og Haugalandrådet.

Etter bevertning med mat og kaffi gjekk ein over til dei vanlege årsmøtesakene. Årsmelding og rekneskap vart godkjend. Sigurd Johnny Svendsen vart vald til ny leiar etter Sverre Øvrebø som var leiar i 12 år.

**Styret er nå samansett slik:**

| | |
|---|---|
| Sigurd Johnny Svendsen | leiar |
| Sigmund Alvestad | nestleiar |
| Gunvor Øvrebø | kasserar |
| Ingrid Blikshavn | sekretær |
| Eva Brunborg Svendsen | vararepresentant |
| Karen Hetland | vararepresentant |



*Du ska itte røre reiret*
*reiret er ei lita seng.*
*Over tynne bån brer erla*
*ut sin våre varme veng.*
*Pipet i den minste strupe*
*ska bli kvitring over eng.*

*Einar Skjæraasen*

# VÅRSKJEMT

## *Vår i familien*

*Kva var det eg sa*
*ein gong i fjor?*
*No ser me igjen*
*at det spirer og gror.*
*Med sol og varme og fuglekvitter*
*og skitlukt som i nasen sitter.*
*Er våren igjen på våre traktar*
*og kler naturen i fagre draktar.*
*Så fryd deg min venn*
*og tenk som så:*
*Skitlukt må me tåla*
*skal me mjølk og kotelettar få!*

*Arne Gardbruk*

*Hei og hå*
*no er kua fri,*
*og på marka har ho*
*spredd møkka si.*
*Eit sikkert tegn på at det er vår*
*og at vi på nytt til hausten får,*
*mjøjk, kotelettar og gode sakar*
*som ikkje det grann av skiten smakar.*

*Arne Gardbruk sin son*
*Arneson Gardbruk*

*Det er for gale at far min trua*
*at eg skal skrive som han.*
*Han masar jo berre om skiten til kua*
*og gløymer alt som kjem fram.*
*Som nybruna lår og anna som strutta,*
*det er vår det, det meiner vi gutta.*

*Arneson Gardbruk*

# Mai



Mai er årets femte måned og har 31 dager. I den romerske kalenderen var mai den tredje måneden. Månedens navn kommer fra den romerske naturguddommen Maius. Guden Maius og gudinnen Maia ble i Roma feiret med en stor vårfest 1. mai.

Fra tidlig middelalder har en fruktbarhetsfest til vårens og sommerens øære vært feiret på denne tiden i mange land i Europa. -feiringen kunne arte seg som våpenmønstringer, opptog og skuespill. I et slikt skuespill var den som spilte vinter utkledd i pels, mens sommerens skikkelse var prydet med løv og blomster. Fra denne skikken har vi utrykket "å maie seg ut", som betyr å pynte seg til trengsel.

Gamle nordiske navn på mai er gaukmåned og såmåned, som begge forteller at sommeren står for døren.

Frå boka "Som året går"

**Partilistene er ikkje godkjende enno, og desse vil stå i juni-utgåva.**

**Bygdabladet har vore ute og undersøkt om folk på bygda har meiningar om ordførarvalet og lokalpolitikk no fire månader før dagen i september.**

**Les om dette på neste side.**

# 4 om ordførarvalget

av Lars Morten Kro

*1. Kva forventningar har du til den nye ordføraren?*

*2. Korleis trur du det vil gå med Bokn ut i det nye århundret?*

*3. Kva kan ordføraren gjer for at dette skal/ikkje*



**Hanna Aksdal**

**1. Eg håpar og forventar at den nye ordføraren vil gjera noko for ungdommen i kommunen.**
**2. Eg trur Bokn og Tysvær vil bli slått saman til ein stor kommune. Viss det skjer trur eg og at Bokn vil få betre økonomi, og at handlemulighetene vil auka.**
**3. Ordføraren kan gå til ungdommane, og sjå kva miljø dei har der, og retta opp i dei feila som er der.**

**Ellinor Pedersen**

**1. Ordføraren bør hjelpa dei gamle og dei unge, så dei får det godt. Han bør og gjera tilbodet til ungdommane betre, både når det gjeld jobb og fritid. Me vil jo ikkje at dei skal reisa vekk.**
**2. Eg trur at Bokn vil bli samanslått med Tysvær, men eg vil ikkje at det skal skje. Eg trur og at det vil flytta fleire folk til Bokn.**
**3. Eg synest at ordføraren ikkje berre skal love og love, men også gjer noko for at Bokn kommune vil bli ein bra kommune å leva i.**





**Jorid Vea**

**1. Ordføraren bør og er nesten nødt for og utvida mulighetene til dei yngre boknarane. Dei bør få nokon kjekke plassar å vera, og meir aktivitetar dei kan driva med på i fritida.**
**2. Eg trur det kjem til å bli bra i Bokn. Sjølv om folketalet ar minka det siste året så trur eg at det vil bli ei forandring på det framover.**
**3. Ordføraren kan ta og snakka med dei unge i Bokn og spør korleis dei har det. Han må ta det alvorleg det ungdommane har å seia. Tross alt, dei er jo framtida til Bokn kommune.**

**Øystein Vågshaug**

**1. Eg ønsker at ordføraren kan gjer noko for oss unge i Bokn. Me har jo nesten ikkje nokon jobb-, eller fritidsmuligheter her.**
**2. Eg trur det vil gå dårleg med Bokn i framtida. Sannsynlegvis så vil fleire og fleire folk flytta vekk i frå denne bygda. Men ein ting er det eg ikkje trur. Det er det at Bokn vil bli samanslått med Tysvær.**
**3. Ordføraren kan gjera alt til rette for dei unge som kjem etterpå. Det vil bli vanskeleg, men det er einaste måten å redda Bokn på.**



# *FRÅ "MINDEBOGEN FOR BOKNEFOLKET"*

av pastor Adolf Buckneberg

Mange boknarar har høyrt om denne "Boknabogjå". Men færre har lest henne. Difor skal me henta nokre utdrag om Bokn og utvandrarane for over hundre år sidan.

Arbeidet med boka starta i september 1919 under eit stemne i USA. Boknarane var då samla for å avsløra boknafana boknar-amerikanarane skulle samlast under. Samstundes la Boknlaget på pastor Adolf Buckneberg å skriva bok om dei utvandra boknarane. Han gjennomførte fyrst ei innsamling for å skaffa pengar til prosjektet. Med det starta eit omstendeleg arbeid med mykje brevskriving, reising og krav til tolmod som fyrst enda i bok i 1929. Men resultatet blei nokre svært interessante tidsbilete.
I artikkelen har me henta ut eit par utdrag som me håpar kan gje meirsmak. Utdraget under fortel om Bokn på 1880-talet

*Birger Lindanger*

## Frå "Boknabogjå"
## En stille søndags morgen

Det var pent i Bokn en stille søndags morgen om sommeren, når, som det ofte hændte, dampskibet kom gjennem Bokn-sundet med lystreisende, og de hadde sang og hornmusik. Det lød saa deilig fra sjøen og oppover bakkerne og gav gjenlyd i Langhammer og Boknefjeldet.

Eller når vi om sommeren kunde gå til Hålands-lien eller op på fjeldet, og se utover alle verdens riker og deres herligheter, eller naar vi samledes ved kirken. Først ser du alle båte som kommer fra Østre Bokn, og så kom man i flok og følge på alle veie. Til kirke, til kirke,
heter det i en sang. Ja, det var et helligt og kjært sted den tid. Alle, både gamle og unge, kom. Og kirken blev fuldpakket og der blev sang i kirken som gik høiere indtil op under taket. Men hvor mange der er som hviler hviler på kirkegården i Bokn av dem som levde den tid vi var smågut hjemme.

## "De er vist alle døde længe siden"

På Buckneberg levde da Anbjørn Buckneberg og hustru, Ole R. og Ole Hanson, Torgils Jacobson. De er vist alle døde længe siden. Vi kan også
huske da Helmik Alvestad bodde på Buckneberg og hans ældste søn, Marcelius, druknet i Bucknebergvandet under badning. Av gamle som da levde på Alvestad var Hendrik og Kari Øigarn, Jon og Kristine Alvestad, gamle Bodille og Morten og hustru Oline.

## Gamle Steen

Vi undres om huset til gamle Steen står igjen. Han var jo den nærmeste for os en lang tid, når vi skulde ha en flaske sirup eller lidt kjøpebrød eller sæpe, sukker, kaffebrød og andet mere, og til jul så var det julegjeiter, halvmåner og kranse og jødekaker; men gamle Steen var jo krøbling og måtte rope ganske høit ind i øret til sin næsten døve hustru, og ofte hørte hun feil og gik og fandt noget andet frem end som forlangtes.

Det var en ting som vi smågutter beundret ham for når vi var inne hos ham. Gamle Steen var svær at tygge tobak og måtte ofte spytte. Da det var besværlig at flytte krakken han sat på, så sendte likså godt salven med et smæk tvers over rummet, og jamen havnet det ret i spyttebakken. Om han var krøbling, så kunde han nok ramme hvad han sigtet efter.

## "Husene stod tæt sammen"

Ja, vi husker også Mons Larson Føresvik. Han døde da vi var en smågut og på Sæbø var Daniel og Ellen Margrethe, Nils og Kjersti samt begge Kristoffers, og hos Daniel var også gamle Bjørn og Nils. Sæbø var da bygget som en liten landsby likesom Buckneberg, Håland og de fleste gårde i Bokn. Husene stod tæt sammen. Nu har der nok været utskiftning og nye huse bygget, et her og et der, så vi som reiste derfra en 30-40-50 år siden kunde vel neppe kjende os igjen. Likeså veiene skal være omlagt og forandret på flere steder. Nu ja, tiden forandres og vi med den.



**Det gamle klyngetunet på Sæbø sett frå vest. Her har venteleg tunet lege sidan høgmellomalderen, dette var det gamle presteenkesætet og her skal presten hatt garden sin i katolsk tid. Etter reformasjonen og eit stykke inn på 1800-talet låg garden til prestebolet på Sæbø.**
**På vegen går døtrene til kaptein Sigurd Juel: Anna, Hjørdis og Sigrid og N.N.**

**Bildet ( ca. 1900 ) er frå Bygdeboksamlinga.**

# PÅ LANDSTOPPEN I GRISEPRODUKSJON

**Tekst og bilder: Reidar Alvestad**

*Ernst og Astrid Øvrebø i Våga på Austre Bokn fekk nyleg 1. premie for beste resultat i Norge i 1998 i griseproduksjon. Rekorden gjeld produksjonsresultat for antal grisungar pr. årspurke. Tidlegare har dei hatt beste resultat i Rogaland i 1994, 1995 og 1996. Produksjonsresultatet i 1998 hos avlspurkene i grisehuset i Våga var i snitt 30,3 grisungar pr. årspurke. Dette vil i snitt seia 2,43 kull pr. årspurke.*

**VIDEO-OVERVAKING**

